

Informasjon til føresette og ungdommar om Ungdata-undersøkinga

I år blir Ungdata-undersøkinga gjennomført på vidaregåande skular i kommunen din/fylket ditt. Føremålet er at undersøkinga skal gje eit godt bilete av oppvekstsituasjonen til ungdom i lokalområdet. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av vårhalvåret.

FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommen ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i dag.
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen og fylkeskommunen sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne kommunen med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning.

KVA VI SPØR OM I UNGDATA

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Mediebruk
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Regelbrot, vald og rus
- Utdanningsnivået til foreldra

KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørreskjemaet. Det er mogleg å få spørsmåla i spørreskjemaet lesne opp. Dei som brukar denne funksjonen, skal bruke øyretelefonar eller øyreproppar.

DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig.
- Elevane kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, eller slutte å svare undervegs dersom dei ønskjer det.

- Føresette til ungdommar under 18 år kan reservere seg mot at barna deira skal delta ved å gje melding til kontaktlæraren/skulen.

SAMTYKKE FRÅ FØRESETTE

- Det er du som føresett til ein ungdom under 18 år, som bestemmer om barnet ditt skal delta i undersøkinga eller ikkje.
- Dersom du ønskjer at barnet ditt skal delta, treng du ikkje å gjere noko som helst.
- Dersom du ikkje ønskjer at barnet ditt skal delta, må du gje melding om dette til kontaktlæraren/skulen før undersøkinga startar.

PERSONVERN

- Deltakarane sine svar vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at berre forskarar og rådgjevarar i prosjektet og firmaet som registrerer dei elektroniske svara, vil få tilgang til svara.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att nokon som har svart når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.
- Forskingsdata som inneheld moglege indirekte personopplysningar, vil bli oppbevarte på eit sikkert område. Alle opplysningane blir anonymiserte ved årsskiftet fem år etter at undersøkinga er avslutta.
- Ungdata-undersøkinga er godkjend av personvernombudet ved OsloMet (personvernombud@oslomet.no).
- Datasettet vil ikkje innehalde direkte personopplysningar, og det vil derfor heller ikkje vere mogleg å få ein deltakar sine data retta eller sletta i etterkant av undersøkinga.
- NOVA behandlar opplysningane basert på samtykke frå deltakarane.

BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil vere klar med beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

Eleven kan ta kontakt med helsesjukepleiaren, sosiallæraren eller Kors på halsen, som er Raudekrossen si hjelpeteneste for barn og ungdom.

Heimesida til Kors på halsen:

www.korspahalsen.no

KVEN HAR ANSVARET FOR UNGDATA?

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og det regionale kompetansesenteret på rusfeltet (KORUS) på oppdrag frå kommunen.

HAR DU SPØRSMÅL?

Ta kontakt med skulen eller ditt regionale KORUS for meir informasjon om undersøkinga.

Dersom du ønskjer å få ein norsk eller engelsk versjon av spørjeskjemaet, kan du ta kontakt med KORUS.